

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Bergen HF
Dato: 14.10.2013
Sakshandsamar: Gunn Synnøve Dadl Reisæter
Saka gjeld: **Revidert styreinstruks og revidert instruks for administrerende direktør sak**

Arkivsak
Styresak 59/13 A

Styremøte 23.10.2013

Forslag til vedtak:

Styret vedtek vedlagt revidert styreinstruks, og vedlagt revidert instruks for administrerende direktør.

Oppsummering

Styret i HV RHF vedtok i møte 03.09.13. reviderte instruksar for styret og administrerande direktør i helseføretaka. Bakgrunnen for revisjonen var behovet for å oppdatere instruksverket i høve endringar som har skjedd i lovgiving og styrande dokument frå eigar. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i innhald og struktur i instruksane. Helse Vest har utarbeidd utkast til malar for reviderte instruksar for helseføretaka. Dei har vært på høyring til helseføretaka. I møte 15.08.13 vedtok Styret i HV RHF å be styra i helseføretaka å gjere vedtak og fastsetje revidert styreinstruks og revidert instruks for administrerande direktør i samsvar med malane utarbeida av HV RHF. Administrerande direktør føreslår at styret i Helse Bergen vedtek desse som gjeldande instruksar i helseføretaket.

Fakta

I styremøte 06.03.13. –sak 024/13B- vedtok RHF-styret revidert instruks for styret og revidert instruks for administrerande direktør i Helse Vest RHF. I saka er det også opplyst at med bakgrunn i revisjonen av instruksane i det regionale helseføretaket, vil administrerande direktør på same måte gå gjennom instruksane til helseføretaka og deretter sende reviderte forslag på høyring til helseføretaka. Når helseføretaka har gitt sin uttale til reviderte instruksar, vil det bli utarbeidd reviderte malar for styreinstruks og instruks for administrerande direktør som er felles for helseføretaka. Desse malane vil så bli førelagde for styret i Helse Vest og deretter oversende til helseføretaka med tilråding om at dei vert vedtekne av styra i helseføretaka.

Forslag til reviderte instruksar (malar) for styre og administrerande direktør i helseføretaka vart sendt på høyring til alle 5 helseføretaka med svarfrist 1.juni. 4 helseføretak styrebehandla malverket for instruksane og gav tilslutning til desse utan merknader. Sjukehusapoteka Vest har ikkje svara på brevet.

Endringane som er gjort i dei reviderte instruksane til helseføretaka byggjer i all hovudsak på dei same endringane som er gjort i instruksverket for det regionale helseføretaket og grunngevinga for revisjonen og endringane er også den same, ref. styresak for Helse Vest RHF der det mellom anna står:

I forslaga til revidert styreinstruks og revidert instruks for administrerande direktør som no ligg føre, er det ikkje føreslått endringar i struktur og innhald i dei gjeldande instruksane, men ein føreslår at instruksane blir supplerte og korrigererte på følgjande område:

- *Samfunnsansvar og etikk, ref. omtalen ovanfor av Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar for styrearbeid*
- *Samhandlingsreforma, ref. lova om samhandling med kommunane*
- *Korrigerering av antall styremedlemmer omtala i styreinstruksen i samsvar med endringar gjort i vedtektene*
- *Korrigerering av begrepsbruken m.h.t. revisjonsutvalg og tilsetjingsmyndigheit for internrevisor som følgje av endringar i lova om helseføretak.*

I tillegg til dei nemnde punkta er det klargjort litt meir i styreinstruksen korleis styret bør behandla spørsmål som oppstår m.h.t. styremedlemmer sin habilitet i enkeltsaker og kva saker som kan medføre at styremedlemmer som er valde av og blant tilsette må tre i frå grunna partsforholdet.

Det går fram av saka at det ikkje er gjort vesentlege endringar i struktur og innhald, men instruksane er supplerte på område der det har skjedd endringar i lovgiving eller styrande dokument frå eigar sidan førre revisjon i 2006.

Endringane som ein føreslår i instruksverket til helseføretaka er følgjande:

Styreinstruks

- Pkt. 2. Samansetjinga av styret. Punktet omhandlar m.a. talet på styremedlemmar og er endra som følgje av vedtektsendring.
- Pkt. 4 om styret sine rettigheter og plikter. Punktet er noko meir utførleg enn gjeldande instruks. Endringane knyter seg til habilitetskrava i forvaltningslova § 6 og vedtektene § 7, 2. avsnitt og byggjer ikkje på endringar i lov- og regelverk, men på uttrykt ønske frå eit av helseføretaka.
- Pkt. 5.1. om overordna føringar er utvida med 2 underpunkt om samfunnsansvar og etikk. Utvidinga byggjer på rettleiaren om «Styrearbeid i helseføretak – god rolleforståing og god rolleutøving» pkt. 1.3, som omhandlar samfunnsansvaret.
- Pkt. 5.2.3. om organisering og leiing har fått eit nytt punkt om utvikling av samhandlingsreforma saman med kommunane i helseregionen om. Dette har samanheng med lovendringa i spesialisthelsetenestelova § 2-1 om samhandlingsreforma.
- I punkt 7 om informasjon og openheit er det gjort ei korrigerings i underpunkt 7.1 når det gjeld lovhenvisninga til hovudregelen om opne styremøter og lovheimelen for å gjere unnatak frå denne hovudregelen. Bakgrunnen for dette er at helseføretakslova nå har fått ny lovparagraf - § 26a – som omhandlar desse spørsmåla.

Instruks for administrerende direktør

- I pkt. 3 om «Administrerende direktør si myndigheit» er det lagt til ei setning i 3. avsnittet for å klargjere ytterlegare kva som er meint med formuleringa om at «administrerende direktør representerer føretaket utad i saker som fell inn under hans myndigheit», ref. formuleringa i helseføretakslova §39.
- Pkt. 4.7. som omhandlar «Samarbeid med andre», har fått eit nytt avsnitt som pålegg administrerende direktør å medverke til at det vert etablert samarbeid med kommunane om samhandlingsreforma. Endringa har samanheng med innføringa av samhandlingsreforma.
- Pkt. 4.10. om «Samfunnsansvar og etikk» er eit nytt punkt i instruksjonen og har samanheng med Regjeringa sin eigarskapspolitikk og dei forventningane til helseføretaka som m.a. har kome til uttrykk i styrerettleiaren til helseføretaka: «Styrearbeid i helseføretak – god rolleforståing og god rolleutøving».

Kommentarar

Instruksverket til helseføretaka bør vera oppdatert i forhold til lovverk og styringsdokument frå eigar og nasjonale føringar elles på eigarsida. Revisjonen av instruksverket til helseføretaka har hatt dette som målsetjing. Når styra i helseføretaka no får seg førelagt reviderte instruksar, blir dei samtidig gjort kjende med endringane i regelverket og nye føringar frå eigar.

Konklusjon

Det er styra i det enskilde helseføretak som har kompetanse til å vedta styreinstruks og instruks for administrerende direktør. Styra har allereie fått seg førelagt utkast til reviderte instruksar og har ikkje hatt innvendingar til desse. Det gjenstår no at styra gjer formelt vedtak som fastset dei reviderte instruksane som gjeldande for helseføretaket.

Vedlegg:

1. Revidert styreinstruks i Helse Bergen HF
2. Revidert instruks for administrerende direktør i Helse Bergen HF